



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 20

(2007–2008)

Om Noregs deltaking i den 62. ordinære
generalforsamlinga i Dei sameinte
nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av
den 61. generalforsamlinga i FN

Innhald

1	Samandrag	5	6.3	Tilhøvet til FNs menneskerettsråd ...	18
1.1	Allment	5	6.4	Menneskerettsforsvararar	19
1.2	Viktige saker	5	6.5	Internt fordrivne	19
1.3	Samarbeidet med andre land og grupper	7	6.6	Menneskerettssituasjonen i enkeltland	19
1.4	Oppsummering av komitéarbeidet ..	7	6.7	Barn	19
			6.8	Kvinner	19
2	Konstituering og val	9	7	Avkolonisering og fredstryggjande operasjonar (4. komité)	20
2.1	Avslutning av den 61. generalforsamlinga	9	7.1	Allment	20
2.2	Oppnemning av delegasjon til den 62. generalforsamlinga	9	7.2	Vest-Sahara	20
2.3	Organisering av den 62. generalforsamlinga	9	7.3	Midtausten	20
2.4	Konstituering og val	9	7.4	Fredstryggjande operasjonar	20
3	Saker i plenum	10	8	Administrative og budsjettmessige spørsmål (5. komité)	22
3.1	Generaldebatten	10	8.1	FNs regulære budsjett for perioden 2008–2009	22
3.2	Oppfølging av FN-toppmøtet 2005 ...	10	8.2	Finansiering av FNs krigsforbrytardomstolar	22
3.3	Fredsbyggingskommisjonen	11	8.3	Finansiering av FNs fredstryggjande operasjonar	22
3.4	Humanitære spørsmål	12	8.4	FNs økonomiske situasjon	22
3.5	Regionale konflikhtar	12	8.5	Reformspørsmål	23
3.6	Havretts- og fiskerispørsmål	12	8.6	Tilsyn og kontroll	23
3.7	Den internasjonale domstolen i Haag	13	8.7	Andre spørsmål	23
3.8	Den internasjonale straffedomstolen	13	9	Juridiske spørsmål (6. komité) ...	25
3.9	Dei internasjonale straffedomstolane for det tidlegare Jugoslavia (ICTY) og Rwanda (ICTR)	13	9.1	Allment	25
			9.2	Terrorisme	25
4	Nedrusting og tryggleik (1. komité)	14	9.3	Folkerettskommisjonen	26
4.1	Allment	14	Vedlegg		
4.2	Handvåpen	14	1	Tale av Jens Stoltenberg, statsminister i Noreg, til generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane, 62. sesjon.....	27
4.3	Kjernevåpen	14	2	Utanriksminister Jonas Gahr Støres innlegg og kommentarar under ulike arrangement i tilknytning til opninga av den 62. generalforsamlinga.....	29
4.4	Reform	15	3	Programbudsjettet 2008–2009	33
5	Økonomi-, miljø- og utviklingsspørsmål (2. komité) ...	16	4	Oversikt over Noregs innlegg under den 62. generalforsamlinga.....	34
5.1	Allment	16	5	FN sine medlemsland og bidragskalaen	36
5.2	Treårsgjennomgangen av FNs utviklingsaktivitetar	16	6	FN-systemet	41
5.3	Finansiering for utvikling (FfD)	16	7	Forkortingar	42
5.4	Handel	17			
5.5	Sør-Sør	17			
5.6	Miljø og berekraftig utvikling	17			
5.7	Korrupsjon	17			
6	Menneskerettsspørsmål og sosiale spørsmål (3. komité)	18			
6.1	Allment	18			
6.2	Dødsstraff	18			

St.meld. nr. 20

(2007–2008)

Om Noregs deltaking i den 62. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 61. generalforsamlinga i FN

*Tilråding frå Utenriksdepartementet av 25. april 2008,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Samandrag

1.1 Allment

Generalforsamlinga i haust var prega av at ein er attende til meir normale tilstandar i FN. Etter ein til tider dramatisk reformprosess som aksentuerte konfliktlinene i organisasjonen, etterfølgd av ein periode med reformtrøytteleik, var det ikkje den store dramatikken på generalforsamlinga hausten 2007. Ban Ki-moon har på si første generalforsamling som generalsekretær freista å profilere seg på saker som klimaendring og Darfur, men arbeidet med å finne ein brei og identifiserbar dagsorden er framleis under utvikling. Som forgiengarane sine er presidenten i Generalforsamlinga, dr. Srgjan Kerim, på si side hemma av eit lite støtteapparat og av at dagsordenen er sett av andre. Dette har gjort det vanskelegare for presidentskapet å øve innverknad.

Sjølv om dei underliggjande konfliktane mellom nord og sør og mellom Tryggingrådet og Generalforsamlinga utvilsamt har spela seg ut også på sesjonen i haust, har det samtidig vore tendensar til ei viss oppmjuking av dei tradisjonelle skilje-

linene, og nye alliansar på tvers av regionane har oppstått. Dette, saman med at USA etter skifte av FN-ambassadør – i alle fall i form – står fram som noko mjukare og meir konsensusssøkjande, har ført til eit meir dempa konfliktnivå enn på tidlegare sesjonar.

1.2 Viktige saker

Klima

Klimatoppmøtet samla mange statsleiarar og viste at klimaendring no er sett øvst på den internasjonale dagsordenen. Samtidig viste møtet og den følgjande generaldebatten i Generalforsamlinga òg at medlemslanda har ulike og til dels uforlikelege syn på korleis ein skal løyse dei problema vi står overfor. Innlegga viste at det finst ein politisk vilje til handling, men samtidig òg at det er sterk usemje om kva som må prioriterast, og korleis ansvaret skal fordelast. I påvente av tingingane på Bali hende det, som venta, lite substansielt i Generalforsamlinga på dette området.

Fredsbyggingskommisjonen

Arbeidet i fredsbyggingskommisjonen (PBC), der ambassadør Løvald leier Burundi-formatet, har gått i rett retning. Fredsbyggingskontoret har fått eit endeleg budsjett med stillingsheimlar, og det vert dermed lettare å planleggje på personellsida. Fredsbyggingsfondet har nådd målet på USD 250 millionar i bindande tilskot. Kommisjonen er framleis i etableringsfasen, men det er ei utbreidd oppfatning at kommisjonen har klart å leggje eit godt grunnlag for å endre FN og andre aktørar si handtering av postkonfliktland. Utviklinga av landspesifikke fredsbyggingsstrategiar (rammer for fredsbygging) gjennom samråd på landnivå og mellom landnivå og New York har sett ein nytt standard for korleis eit mellomstatleg FN-organ kan stille seg til eit medlemsland. Sentrale utfordringar framover vil verte å vise resultat på landnivå. Det vert òg ei utfordring å forankre kommisjonen og fredsbyggingskontoret sitt arbeid i FN-systemet, og blant eksterne aktørar, medverke til framleis fokus på og støtte til landa på dagsordenen, og utvikle fredsbyggingskommisjonen sine arbeidsmetodar vidare.

Reform

Det var påfallande stillstand på sesjonen i haust når det gjaldt reformprosessen og oppfølginga av reformpanelet (Stoltenberg-panelet) sine tilrådingar. Framlegga i rapporten har vorte oppfatta som kontroversielle og har medverka til store spennningar i G77. Ei rekkje sentrale utviklingsland hevdar at framlegga vil innebere ein ny kondisjonalitet i FN's utviklingssamarbeid, særleg i høve til menneskerettar, men òg for miljøaktivitetar og humanitære intervensjonar. Det er òg skepsis til framlegga til eit samordna, einsarta og sterkt FN på landnivå. Tanken om ein FN-leiar vert av mange sett på som opptakta til ei ordning med FN-ambassadørar. Skepsisen er grunna på frykt for at ein FN-ambassadør med makt og mynd vil verte oppfatta som ein motspelar i staden for ein medspelar for nasjonale styresmakter. Drøftingane om panelet sine tilrådingar kom seint i gang, og medlemslanda har ikkje klart å verte samde om korleis den mellomstatlege forhandlingsprosessen skal takast vidare. Sjølv på område som det burde ha vore mogeleg å ta ut av pakken, til dømes likestillingsarkitekturen, har det ikkje vore mogeleg å få framgang.

Det er likevel viktig å merke seg at FN-systemet har fanga opp dei delane av reformpanelet sine framlegg som ikkje krev mellomstatlege avgjerder. Desse framlegga vert no gjennomførde. FN-orga-

nisasjonane arbeider tett saman for å harmonisere og forenkle dei administrative rutineane og framgangsmåtane sine på utviklingsområdet. På landnivå har FN sett i gang viktige reformer i eit utval land for å samordne innsatsen under ein leiar, eitt landprogram og eitt budsjett. Dette skjer med full tilslutning frå styresmaktene i landa. Stadig fleire utviklingsland ønskjer å gjennomføre tilsvarende reformer fordi ein ser ein gevinst i høve til auka ressursar, relevans, effektivitet og betre resultat av FN's samla innsats. Med dette ser vi konturane av noko nytt; ein reformprosess som finn fotfeste på landnivå i utviklingslanda, og som i neste omgang vil kunne medverke til å tvinge fram meir gjennomgripande reformer av heile FN-systemet i tråd med tilrådingane frå reformpanelet.

Når det gjeld spørsmålet om reform av Tryggingrådet, var det stor aktivitet i haust. Fleire rapportar har vorte utarbeidde med framlegg til mogelege måtar å endre samansetjinga av rådet på. Sjølv om det store fleirtalet nok vil kunne slutte opp om trongen for å sjå på overgangsordningar, er framleis hovudfrontane like steile, og det momentet mange meiner å ha sett i seinare tid, har så langt ikkje utkrySTALLISERT seg til nokon konkret framgang.

Finansiering for utvikling

FN's generalforsamling har gjeve Noreg, saman med Egypt, ansvaret for å førebu ein internasjonal konferanse i Doha i Qatar i november/desember 2008, der den internasjonale plattformen for utviklingspolitisk samarbeid som vart vedteken i Monterrey i Mexico i 2002 («Monterrey-konsensusen») skal gjennomgåast. På generalforsamlinga i haust vart det gjort eit vedtak om organiseringa av dette arbeidet og om målsetjingane for konferansen, der det mellom anna skal drøftast nye former for finansiering og utvikling. Konferansen vil vere ein viktig milestolpe i arbeidet med å nå tusenårsmåla i 2015.

Menneskerettar

I tillegg til vedtaket av dødsstrafferesolusjonen, som utvilsamt var eit høgdepunkt på generalforsamlinga, er det verdt å merke seg at ein ny resolusjon, introdusert av USA, om nedkjemping av valdtekt og andre former for seksuell vald som instrument for å oppnå politiske og militære mål, vart vedteken. Resolusjonsframlegget møtte i utgangspunktet motstand, ikkje minst frå afrikanske land, som såg på framlegget som eit åtak på særskilde land (Sudan og DR Kongo), og gjorde raskt ikkjeinnblandingssargumentet gjeldande. Resolusjonen

vart vedteken etter at amerikanarane viste fleksibilitet.

At det enno ein gong lukkast for Noreg å oppnå konsensus om resolusjonane om menneskerettsforsvararar og internt fordrivne, må ein sjå som positivt, då det ikkje lenger kan takast for gjeve at resolusjonar av denne typen framleis oppnår konsensus.

Terrorisme

Heller ikkje i haust var det mogeleg å bringe forhandlingane om terrorismekonvensjonen og definisjonen av terrorisme vidare. Dette understrekar ytterlegare at denne prosessen neppe vil finne ei løysing i Generalforsamlinga med det første, og at eventuelle initiativ difor må takast i andre fora.

Havretts- og fiskerispørsmål

Som i tidlegare år deltok den norske delegasjonen aktivt i forhandlingane om desse tema. Frå norsk side er det grunn til å vere godt nøgd med resultata – særleg når det gjeld arbeidet mot ulovleg, uregulert og urapportert fiske, men òg fordi klimaspørsmål har fått ein langt breiare omtale enn tidlegare.

Budsjettet

Sett med norske augo er det positivt at FN-operasjonen i Afghanistan vert styrkt med nærare 40 %, noko som inkluderer 69 stillingar, innkjøp av fleire køyrety, større aktivitet i provinsane og større fokus på internasjonal samordning. Som tidlegare nemnt vart også FNs fredsbyggingskontor styrkt, og UNRWA fekk seks nye stillingar over det regulære budsjettet. Det ligg også inne ein auke av ressursane på menneskerettsområdet.

1.3 Samarbeidet med andre land og grupper

Den brubyggjarrolla Noreg har hatt på einskilde område mellom G77 og dei vestlege landa, er vidareført. Denne rolla har ikkje vorte mindre viktig i ein situasjon der ein ser tendensar til ei oppløysing av G77. Utsiktene til fleire tverregionale initiativ gjer at delegasjonane sitt arbeid på tvers av skiljelinene vert stadig viktigare. Samtidig har det nordiske samarbeidet vorte intensivert. Arbeidet med å konkretisere område for nordisk samarbeid held fram, og for første gong vart det halde eit felles nordisk innlegg i debatten om reform av Tryggingrådet. Delegasjonen konstaterer at det også blant dei andre nordiske delegasjonane er klar interesse i å vidareutvikle det nordiske FN-samarbeidet.

1.4 Oppsummering av komitéarbeidet

1. komité: Årets sesjon stadfesta trenden med at resolusjonar som tidlegare har vore konsensusresolusjonar, no vert voterte over. Frontane er som tidlegare. USA held fram å røyste mot resolusjonar som tidlegare vart vedtekne utan votering. I år som tidlegare var det kjernevåpenkonvensjonane som fekk mest merksemd. Debatten om kjernevåpen vart som tidlegare prega av mange klagar over at det multilaterale maskineriet framleis står stille.

2. komité: Arbeidet og forhandlingsklimaet var som i tidlegare år krevjande, men hadde gjenomgåande ein betre tone enn i førre sesjon. I fleire saker var spenningane og interessekonfliktane sterkare internt i G77 enn mellom nord og sør. Det vart gjort framsteg på fleire viktige utviklingspolitiske område, til dømes auka krav til effektivitet og resultat i FNs hjelpeaktivitetar og sterkare fokus på kvinner og likestilling.

3. komité: 3. komité styrkte posisjonen sin som den mest konfrontatoriske arenaen på generalforsamlinga. Trass i at dødsstrafferesolusjonen viste verdien av tverregionale initiativ, heldt dei grunnleggjande motsetningane mellom Vestgruppa (nord) og G77 (sør) fram.

4. komité: I 4. komité er det tradisjonelt Midtausten og palestinarane si sak som dominerer dagsordenen. Marokko og Algerie vart i år samde om ein felles resolusjon om Vest-Sahara. Dette vart sett på som eit framsteg frå i fjor, då resolusjonen ikkje fekk støtte av Marokko og vart vedteken med eit fleirtal avståingar. PLO viste i år vilje til kompromiss i forhandlingane med EU om resolusjonane om Midtausten og palestinarane sin situasjon. Resolusjonane vart vedtekne i tråd med røystemonsteret frå tidlegare sesjonar.

Debatten om FNs fredsoperasjonar var prega av den vedvarande auken i omfanget av operasjonane, med fokus på mellom anna omorganiseringa av FNs avdeling for fredstryggjande operasjonar, utfordringar knytte til mangelfull vertslandsstøtte, ivaretaking av kjønnsdimensjonen og førebygging og handtering av seksuelle overgrep.

5. komité: FNs toårige budsjett var den store saka i denne komiteen, og dei fem største tilskotsytarane (USA, Japan, Storbritannia, Tyskland og Frankrike) gjorde det tidleg klart at dei ville gå langt for å få til eit nullvekstbudsjett for 2008-2009. Trugsmåla frå dei store tilskotsytarane medverka til at det etter lange forhandlingar vart lagt fram eit budsjett med berre 5 % vekst. USA kravde votering og røysta mot som einaste medlemsland. G77 og EU såg med uro på dette, som dei meinte under-

Om Noregs deltaking i den 62. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 61. generalforsamlinga i FN

grov budsjettprosessen, som fram til den siste dagen hadde vore god.

6. komité: Forhandlingane om dei ulike spørsmåla i 6. komité gjekk føre seg i ein god og konstruktiv tone og har ikkje skilt seg vesentleg frå tid-

legare år. Komiteen vedtok alle resolusjonane med konsensus. Vanskelege spørsmål er ikkje handsama fullt ut, men utsett til komande arbeidsgrupper.

2 Konstituering og val

2.1 Avslutning av den 61. generalforsamlinga

Den 61. generalforsamlinga vart formelt avslutta 17. september 2007.

2.2 Oppnemning av delegasjon til den 62. generalforsamlinga

Til å representere Noreg på FNs 62. generalforsamling vart denne delegasjonen oppnemnd:

Statsminister Jens Stoltenberg, leiar
Utanriksminister Jonas Gahr Støre, nestleiar
Miljø- og utviklingsminister Erik Solheim, nestleiar
Ambassadør Johan Ludvik Løvald, nestleiar

Stortingsrepresentantar:

1. del av sesjonen

Gunnar Kvassheim
Inger Enger
Øyvind Halleraker
Eirin Sund
Båra Hoksrud
Truls Wickholm

2. del av sesjonen

Inge Ryan
Anne-Marit Bjørnflaten
Björg Tørresdal
André Oktay Dahl
Jorodd Asphjell
Henning Skumsvoll

Observatørar:

Landsorganisasjonen i Noreg, LO
Næringslivets hovudorganisasjon, NHO
Redd Barna
FN-sambandet
Senterungdomen
Kyrkjerådet for økumeniske og internasjonale relasjonar
Internasjonal kvinneliga for fred og fridom
Noregs kristeleg studentforbund

2.3 Organisering av den 62. generalforsamlinga

Den 62. generalforsamlinga vart opna den 18. september 2007. Generaldebatten starta 25. september og vart avslutta 3. oktober.

2.4 Konstituering og val

Den 62. generalforsamlinga valde den tidlegare makedonske utanriksministeren og FN-ambassadøren Srgjan Kerim til president.

Generalforsamlinga valde 16. oktober desse fem nye medlemene til Tryggingrådet for toårige periodar: Kroatia (vann over Tsjekkia), Costa Rica (vann over Den dominikanske republikken), Vietnam, Libya og Burkina Faso.

Den 62. generalforsamlinga valde desse 18 statane som nye medlemmer av ECOSOC for perioden 2008–2010: Brasil, Kamerun, Kina, Kongo (DRC), Island, Malaysia, Moldova, Mosambik, New Zealand, Niger, Pakistan, Polen, Sør-Korea, Russland, Saint Lucia, Sverige, Storbritannia og Uruguay.

3 Saker i plenum

3.1 Generaldebatten

Temaet for generaldebatten i år var klimaendring. Typisk for innlegga som omhandla klimaendring, var fokus på at det trengs hjelp til tilpassing frå utviklingssida, og fokus på iverksette eller planlagde mål og tiltak frå dei utvikla landa si side, då særleg i samband med utsleppsreduksjon. Det er kanskje naturleg, men ikkje særleg positivt at det store fleirtalet av medlemsland avgrensa seg til å omtale klimaproblem og tiltak som i første rekkje omhandla eige land og lokale tilhøve. Det var likevel fleire unntak, både blant utviklingslanda og vestlege land. EUs innlegg, som vart halde av Portugals statsminister, hadde ei global og heilskapleg tilnærming til problemstillinga og omtalte mellom anna samanhengen mellom klimaendring og oppnåing av tusenårsmåla. Innlegga viste at det no finst politisk vilje til handling, men samtidig også at det er sterk usemje om kva som må prioriterast, og korleis ansvaret skal fordelast.

Presidenten i generalforsamlinga hadde i opninga si av generalforsamlinga sin 62. sesjon lagt fram fem prioriterte område: klimaendring, finansiering for utvikling, tusenårsmåla, kampen mot terrorisme og reformarbeidet, medrekna tryggingrådsreform. Fleire av dei same tema vart også rekna som viktige av medlemslanda. I tillegg til klimaendring, som alt er omtalt, var tusenårsmåla, utvikling og Doha-runden blant dei oftast omtalte sakene på dagsordenen. På den tryggingpolitiske sida var Midtausten, Darfur og Kosovo mest dominerande. Fleire land tok også opp Iran og verdien av ikkje-spreiing av atomvåpen.

USA sitt innlegg, som vart halde av president George W. Bush, fokuserte på demokrati og menneskerettar i tillegg til kampen mot terror. President Daniel Ortega frå Nicaragua tok opp hansken frå Venezuela i fjor og heldt eit langt USA-fiendsleg innlegg, som gjekk til åtak på alt frå globalisering til blokaden av Cuba. Russland sitt innlegg var også delvis retta mot USA og tok opp verdien av kollektiv leiarskap for å handtere dagens globale utfordringar – underforstått at USA si unilaterale tilnærming ikkje var ønskjeleg. Rakettskjoldsaka vart brukt som eksempel på åleinegang.

Presidenten i Iran, som tidlegare i veka hadde stilt til open debatt ved Columbia-universitetet i New York, stod fram noko meir dempa enn tidlegare. Iran brukte ein del tid på atomkraftspørsmålet, men ville sjå bort frå pålegg frå Tryggingrådet, som dei meinte hadde vorte misbrukt av somme mektige medlemsland.

Sudan og Burma (Myanmar) gav i innlegga sine uttrykk for at situasjonen i deira respektive land var ein heilt annan ein det som var den generelle oppfatninga i resten av verda. Mangelen på realisme i innlegga understrekar vanskanane som det internasjonale samfunnet står overfor når det gjeld å betre menneskerettssituasjonen i begge landa og å hindre den humanitære krisa i Darfur.

I tillegg til klima fokuserte det norske innlegget, som vart halde av statsminister Jens Stoltenberg, på tusenårsmåla og FN-reform. Noreg argumenterte for at det var viktig å implementere tilrådingane frå reformpanelet for å sikre eit effektivt FN som kan levere resultat slik at tusenårsmåla kan nåast.

3.2 Oppfølging av FN-toppmøtet 2005

Reformer av FNs hjelpeverksemd

FN-toppmøtet i 2005 oppmoda Generalsekretæren om å kome med framlegg til ytterlegare reformer av FNs hjelpeverksemd. Generalsekretæren følgde opp dette og oppmoda statsminister Stoltenberg og statsministrane i Pakistan og Mosambik om å leie eit høgnivåpanel som skulle sjå på korleis ein kunne gjere FN meir effektivt innan utviklingshjelp, humanitær hjelp og miljø. Høgnivåpanelet leverte rapporten sin i november 2006. Bodskapen frå panelet var at reformer er heilt naudsynte for å sikre FNs høge legitimitet og evne til å levere på tusenårsmåla. Eit meir einsarta, samordna og effektivt FN vil kunne verte ein berebjelke i det internasjonale utviklingssamarbeidet. FNs mange fond, program og særorganisasjonar må samarbeide tettare, og administrasjonen, økonomistyringa og personalforvaltinga må moderniserast. På landnivå bør FNs ulike kontor samlast til eitt kontor med ein leiar, eitt program og eitt budsjett. FNs

arbeid med kvinner og likestilling må styrkjast, menneskerettane må få meir fokus, og handteringa av humanitære saker og miljø må betrast. Det må etablerast nye mellomstatlege styringsstrukturar for å sikre at FN opptre og leverer meir samla og effektivt.

Før generalsekretær Kofi Annan gjekk av, sette han i verk fleire av framlegga til panelet. Dette omfatta tiltak for å modernisere FN-systemet, sikre tettare samarbeid mellom og samordning av organisasjonane og iverksetjing av pilotprosjekt for «Eitt FN» på landnivå. Trass i den gode mottakinga som rapporten fekk, vart det fort klart at fleire av framlegga i rapporten møtte til dels stor motstand. Dette kom til uttrykk våren 2007. Fleire sentrale utviklingsland målbar at framlegga til panelet var styrde av interessene til gjevarlanda. Det vart hevda at omtalen i rapporten av menneskerettar, miljø og nye finansieringsordningar ville innebere innføring av kondisjonaltet i FN's utviklingssamarbeid. Framlegget om å styrkje FN på landnivå gjennom éin leiar vart også oppfatta av mange som opptakta til ei ordning med «FN-ambassadørar». Eit sterkt samla FN med éin talsperson på landnivå ser fleire store utviklingsland på som eit trugsmål mot nasjonale interesser. Frykta for «FN-ambassadørar» er at FN då kan verte ein markert aktør som frontar kontroversielle spørsmål på tvers av landa sin eigen politikk.

Denne typen motførestellingar ligg mellom anna til grunn for at generalsekretær Ban Ki-moon så langt har valt å halde ein lågare profil på dette området enn forgjengaren sin. Det at fleire av framlegga frå panelet vert oppfatta som kontroversielle, og fråværet av tydeleg leiarskap i FN sentralt, har medverka til at medlemslanda ikkje har klart å verte samde om korleis den mellomstatlege forhandlingsprosessen skal takast vidare. Usemje om prosess har såleis gjort det umogeleg å få framgang sjølv på område der det synest å vere brei semje, til dømes framlegget til betre organisering av kvinne- og likestillingsarbeidet. Generalforsamlinga sine drøftingar av FN-reformpanelet vert vidareførde i første halvdel av 2008.

Reform av Tryggingrådet

Debatten om reform av Tryggingrådet starta for alvor i kjølvatnet av Generalsekretærens rapport «In Larger Freedom» frå 2005 og heldt fram mot toppmøtet i 2005. Det er framleis brei semje om at Tryggingrådet i si noverande form ikkje speglar dei geopolitiske realitetane på 2000-talet og bør reformerast. Det er ikkje semje om korleis utvidinga bør skje, og dei ulike framlegga og alliansane

som har utkrystallisert seg, nøytraliserer kvarandre, slik at ingen av framlegga har det naudsynste to tredels fleirtalet i Generalforsamlinga. Det er tre «leirar» i spørsmålet. G4-landa Japan, Tyskland, India og Brasil ønskjer ei utviding til 25 plassar og med fast medlemskap for fleire land, medrekna dei sjøelve. I motsetning til dette framlegget står ei stor gruppe land som kallar seg «konsensusgruppa», med Italia, Pakistan, Sør-Korea, Spania, Argentina og Mexico i spissen, som meiner at ei utviding av Tryggingrådet må skje med konsensus, og at talet på faste medlemmer ikkje bør aukast. Eit tredje framlegg er AU og dei afrikanske landa sitt krav om 26 medlemmer og vetorett. Mange har uttrykt otte for at eit utvida Tryggingråd kan verte mindre effektivt og undergrave FN's handlingsevne.

Debatten om reform av Tryggingrådet har halde fram i arbeidsgruppa (Open-Ended Working Group), som vart skipa i 1993, men utan å nærme seg ei løysing som vil ha støtte av fleirtalet i Generalforsamlinga. I den 61. generalforsamlinga vart det skipa seks tematiske undergrupper for å opplyse ulike aspekt ved reform av Tryggingrådet. Ideen om ulike overgangsordningar vinn gradvis større gehør, sjølv om det ikkje har vore noko definitivt gjennombrot. Overgangsordningar vil kunne vere ein måte for ikkje-permanente medlemmer å kvalifisere seg til fast medlemskap ved attval over fleire periodar. Samtidig som diskusjonen i arbeidsgruppa held fram utan ein klar tidsplan, har G4-landa teke til orde for å innleie mellomstatlege forhandlingar i Generalforsamlinga om reform og utviding av Tryggingrådet. G4-landa har ønskt å bryte opp dei regionale blokkene ved å invitere til diskusjonar i eit «overgripande forum». Dette framlegget har møtt hard motstand frå konsensusgruppa, som vil halde fram diskusjonen i arbeidsgruppa.

Noreg og dei andre nordiske landa har teke til orde for å styrkje legitimiteten til Tryggingrådet gjennom reform og utviding av medlemskapen. Dei nordiske landa tek avstand frå å utvide vetoretten, men stiller seg positive til ulike overgangsordningar for å skape kompromiss mellom motstridande førestellingar. Ein viktig føresetnad frå norsk side er at det ikkje skal verte vanskelegare for mindre land å verte innvalde i Tryggingrådet. Island stiller for første gong i FN-historia til val til Tryggingrådet for perioden 2009–2010.

3.3 Fredsbyggingskommisjonen

Fredsbyggingskommisjonen er eit rådgjevande organ under Tryggingrådet og Generalforsam-

linga, som starta arbeidet i juni 2006. Kommisjonen skal bringe saman alle relevante aktørar for å mobilisere ressursar og støtte utviklinga av integrerte strategiar, gje råd og informasjon for å betre samordning og atterreising i postkonfliktland. Kommisjonen utgjer, saman med eit fredsbyggingskontor og eit fredsbyggingsfond under Generalsekretæren, den nye fredsbyggingsarkitekturen i FN.

Burundi og Sierra Leone vart dei første landa på dagsordenen til kommisjonen og vart etterfølgde av Guinea-Bissau. I Sierra Leone og Burundi er prioritetsområde for fredsbygging identifiserte, og integrerte fredsbyggingsstrategiar er utvikla. Utviklinga av dei integrerte fredsbyggingsstrategiane har sett ein ny standard for korleis eit mellomstatleg FN-organ kan samarbeide med eit medlemsland og støtte opp om konsolidering av fred.

Tilhøvet mellom dei ulike søylene for atterreising etter konflikt – som overgangsjustis, demobilisering og tryggingssektorreform og meir tradisjonell utviklingspolitikk – har vorte sett på dagsordenen. Det er aukande forståing for at fredsbygging ikkje er spesifikke sektorar, men det å kunne sjå tilhøvet mellom tryggleik, politikk, menneskerettar og utvikling i samanheng.

Noreg, ved ambassadør Løvald, var nestleiar i kommisjonen det første året og har framleis ansvar for å leie arbeidet om Burundi. Leiarposisjonen har gjeve eit godt høve til å påverke utforminga av den nye fredsbyggingsarkitekturen. Sentrale norske prioriteringar har vore å medverke til at fokuset er på landnivå, fleksible arbeidsmetodar og brei deltaking frå dei mest sentrale aktørane, medrekna Bretton Woods-institusjonane.

Kontoret for fredsbygging i sekretariatet har mellom anna ansvar for å hjelpe kommisjonen, utføre strategisk arbeid og administrere Fredsbyggingsfondet. Noreg har gjeve 200 millionar kroner til fondet.

3.4 Humanitære spørsmål

I debatten om styrking av samordninga av FNs humanitære hjelp vart FNs humanitære vernebuingsfond, CERF, vigd stor merksemd. Det vart gjeve brei generell støtte til fondet og FNs kontor for samordning av humanitære spørsmål (OCHA), som administrerer fondet. Det vart samtidig uttrykt forventingar til den uavhengige evalueringa av fondet, som skal gjennomførast i 2008. Vidare var respekt for humanitære prinsipp, det humanitære rommet og tilgang til humanitær hjelp

attergangarar i debatten. Nokre land var først og fremst opptekne av suverenitetsprinsippet og mot-takarlandet si leiande rolle i humanitære kriser. Andre gjennomgangstema var vern av sivile og humanitære aktørar og nedkjemping av kjønnsbasert vald generelt og seksuell vald spesielt. Rådande straffridom vart også teken opp i denne samanhengen. Førebygging av naturkatastrofar og klimaendringar var andre sentrale tema. Vidare vart den såkalla klyngjetilnærminga føremål for både støtte og skepsis, som ved tidlegare høve. Sjølv resolusjonen vart som vanleg føremål for omfattande uformelle samråd, men forutan eit noko større fokus på førebygging av humanitære kriser enn tidlegare, var resultatet av forhandlingane «status quo».

Elles er det verdt å leggje merke til at det på FNs 62. generalforsamling vart vedteke langt færre landspesifikke resolusjonar enn tidlegare.

3.5 Regionale konflikhtar

Handsaminga av dagsordenspunktene om Midtausten og situasjonen til palestinarane vart som venta ei gjentaking av tidlegare år. I debatten uttrykte stadig fleire land uro over den stadig forverra humanitære situasjonen i Det palestinske området, særleg på Gazastripa. Forventingane til konferansen i Annapolis syntest å ha medverka til ein noko meir konstruktiv atmosfære i diskusjonane om Midtausten. Røystingane over dei mange resolusjonane skjedde etter same mønster som tidlegare år.

For Afghanistan vart det lagt fram ein resolusjon som omfatta både den humanitære og den politiske situasjonen. I debatten som følgde, vart det uttrykt stor uro over den stadig forverra situasjonen i landet. Trongen for betre samordning av den internasjonale innsatsen vart framheva av fleire medlemsland. Det vart også gjeve brei støtte til Afghanistan Compact som ei ramme for den internasjonale atterreisingsinnsatsen.

3.6 Havretts- og fiskerispørsmål

Generalforsamlinga er ein sentral arena for å profilere Noreg som ein ressursnasjon med viktige interesser på det marine området. Det norske innlegget i plenum tok for seg utfordringar knytte til biologisk mangfald og klimaspørsmål, ulovleg, uregulert og urapportert fiske og avgrensing av yttergrensa av kontinentalsokkelen.

Noreg arbeidde aktivt for, og lukkast med, ein styrkt omtale av klimaspørsmål i resolusjonane under dette dagsordenspunktet. Med utgangspunkt i norske framlegg vart det gjort vedtak som uttrykkjer alvorleg uro over den negative verkna- den av klimaendringane på det marine miljøet og trongen for utsleppsreduksjon og for å auke for- skinga omkring klimaendring. Med dette har kli- maspørsmål for alvor også kome på dagsordenen for FNs viktigaste forum for diskusjon av hav- og fiskerispørsmål.

Eit anna viktig innsatsområde for Noreg er avgrensing av kontinentalsokkelen for land der denne strekkjer seg utover 200 nautiske mil. Ei avklaring av yttergrensa av sokkelen er viktig for å få ein klar folkerett, men kan òg ha store positive følgjer for utviklinga til ein stat. For mange kyststar- tar er 2009 fristen for å dokumentere yttergren- sene av sokkelen for kontinentalsokkelkommisjo- nen, som er eit ekspertorgan skipa under havretts- konvensjonen. For mange utviklingsland er dette ei stor utfordring, og støtte til utviklingsland er difor heilt naudsynt. Noreg er den viktigaste til- skotsytaren til eit FN-fond som yter slik støtte. Det har også vore viktig for Noreg at utbetalingsruti- nane for dette fondet er tilstrekkeleg fleksible til å stette den reelle trongen som utviklingslanda har. Det er positivt at sekretariatet til kommisjonen no vil verte styrkt, då arbeidsmengda i sekretariatet har auka i takt med talet på statar som sender inn dokumentasjon til kommisjonen.

Når det gjeld ulovleg, uregulert og urapportert fiske, var det eit sterkt engasjement frå norsk side for å etablere ytterlegare tiltak for å avgrense denne aktiviteten. Det vart mellom anna vedteke oppmodingar til regionale fiskeriorganisasjonar om å samarbeide og samordne arbeid i samband med svartelisting av farty, og initiativ for å vurdere flaggstatane sin innsats for å nedkjempe slikt fiske.

Som tidlegare stod Noreg som medframleggs- stillar til begge resolusjonane. Fiskeriresolusjonen vart vedteken med konsensus, medan havrettsreso- lusjonen vart vedteken med overveldande fleirtal.

3.7 Den internasjonale domstolen i Haag

Presidenten i domstolen, Rosalyn Higgins, gjorde greie for arbeidet i domstolen. Det er verdt å merke seg at domstolen hadde avgjort mellom anna at dei grufulle gjerningane i Srebrenica i 1995 var eit fol- kemord som Den føderale republikken Jugoslavia ikkje hadde gjort nok for å hindre. Domstolen hadde for tida elleve pågåande saker som mellom

anna omfattar klagar om brot på menneskerettane, suverenitets- og avgrensingsspørsmål og delte naturressursar. Det er gledeleg å konstatere at domstolen held eit høgt aktivitetsnivå, noko som stadfestar at domstolen er relevant og viktig for ei fredeleg løysing av tvistar mellom statar.

3.8 Den internasjonale straffedomstolen

Domstolen er fullt ut operativ, og etter Japans tiltre- ding i 2007 har vedtektene 105 partar. Presidenten i domstolen, Philippe Kirsch, presenterte rappor- ten frå domstolen. Kirsch nemnde kort status i dei fire situasjonane som vert handsama av domstolen, nemleg Uganda, Darfur, Den demokratiske repu- blikken Kongo og Den sentralafrikanske republik- ken. Han understreka vidare den preventive effek- ten domstolen har og at domstolen medverkar til å oppfylle målsetjingane til FN. Hovudpoenget hans var likevel at det er naudsynt at statane samarbei- der effektivt med domstolen, fordi ein elles ikkje ville kunne gripe eller straffeforfølgje dei tiltalte. Noreg uttrykte full støtte til domstolen sitt arbeid og understreka verdien av at domstolen får naud- synt støtte i utøvinga av mandatet sitt. Det var elles verdt å merke seg at Sør-Korea etterlyste fleire asi- atiske statspartar. Resolusjonen om rapporten frå domstolen vart vedteken utan røysting.

3.9 Dei internasjonale straffedom- stolane for det tidlegare Jugoslavia (ICTY) og Rwanda (ICTR)

Presidentane i dei to tribunala fokuserte i kvart sitt innlegg på avslutningsstrategiane og hevda at dei låg godt an til å nå måla som er sette av Tryggings- rådet. Ei vellukka slutføring av mandata vil avhenge av tilstrekkeleg samarbeid frå statane. Alle tiltalte må arresterast og overleverast til dom- stolane. At arbeidet no gjekk mot slutten, reiste ein del personellmessige utfordringar. Noreg roste domstolane for arbeidet deira og gav dei på nytt si fulle støtte. Serbia karakteriserte verknadene av ICTY sitt arbeid som varige og tydelege og meinte straffeforfølgjing var ein føresetnad for fred og for- soning i det tidlegare Jugoslavia. Serbia var opp- teke av at domstolen sitt mandat skulle sluttførast på ein vellukka måte. Rwanda omtalte verdien av at arven frå ICTR vert bevart, og at dokument og relevant materiale vert overførde til Rwanda for å dane grunnlag for eit senter for studiar om avver- jing av folkemord.

4 Nedrusting og tryggleik (1. komité)

4.1 Allment

Årets sesjon av 1. komité medverka dessverre ikkje til ny framdrift korkje i reform av komiteen sitt arbeid eller auka openskap, noko Noreg i formannskapet sitt på fjorårets generalforsamling hadde lagt stor vekt på. Freistnadene på å følge opp den norske innsatsen frå i fjor på årets sesjon resulterte ikkje i nokon merkbar framgang. Mellom anna var det mindre openskap rundt resolusjonen no enn i fjor, og dei tematiske debattane klarte heller ikkje å utnytte det fulle potensialet sitt.

Sett frå norsk side var det godt å høyre at fleire land omtalte Oslo-prosessen om klaseammunisjon i positive vendingar i debatten om konvensjonelle våpen. Samtidig understreka fleire at dei ønskte eit mandat også innanfor konvensjonen om inhumane våpen (CCW). I margin av 1. komité vart det halde fleire seminar om rammene for ein mogeleg konvensjon om våpenhandel (ATT). Noreg har her markert seg ved å gjere framlegg om at ATT må femne så breitt som mogeleg, og at dette ikkje minst må gjelde den humanitære dimensjonen.

Årets sesjon stadfesta trenden med at resolusjonar som tidlegare har hatt konsensus, vert føremål for votering. Frontane står fram som tidlegare, og også i år røysta USA mot resolusjonar som tidlegare år vart vedtekne utan røysting. I år som tidlegare var det kjernevåpenkonvensjonane som fekk mest merksemd, og då særleg resolusjonen som vart lagd fram av Sverige, New Zealand, Sveits, Chile og Nigeria om å senke vernebuingsnivået for kjernevåpen.

4.2 Handvåpen

Det var ingen nye resolusjonar som omfatta handvåpen på årets generalforsamling. Den såkalla «Maliresolusjonen» om hjelp til statar for å nedkjempe ulovleg omsetninga av handvåpen, vart på nytt fremja av Mali på vegner av ECOWAS-landa (15 vestafrikanske statar). Noreg var medframleggsstillar, og resolusjonen vart vedteken utan røysting.

Omnibusresolusjonen, som Japan, Sør-Afrika og Colombia står bak, tek for seg oppfølginga av FN's handlingsprogram for nedkjemping og ulovleg omsetning av handvåpen. Resolusjonen oppmodar mellom anna til å gjennomføre tilrådingane i rapporten frå ekspertgruppa om ulovleg våpenmekling og instrumentet om merking og sporing. Resolusjonen vart vedteken mot USAs røyst.

4.3 Kjernevåpen

Debatten om kjernevåpen vart dels prega av klagar over at det multilaterale maskineriet framleis står stille. USA heldt ein brei og god presentasjon av kva landet gjer på nedrustingsområdet. Fleire land, mellom dei Noreg, hevda at denne openskapen måtte inspirere andre kjernevåpenstatar. Wall Street Journal-artikkelen av mellom andre dei tidlegare utanriksministrane Kissinger og Shultz, der det vert teke til orde for ei kjernevåpenfri verd, vart omtalt av fleire land i den tematiske debatten. Også talen til Storbritannias tidlegare utanriksminister Beckett på Carnegie-konferansen i sommar, der hovudbodskapen var trongen for fornya felles innsats for å kome fram til ei kjernevåpenfri verd, vart positivt kommentert. Samtidig var det eit sterkt utolmod over at prøvestansavtalen ikkje har teke til å gjelde, og kjernevåpenstatane vart kritiserte for planar om modernisering av våpensystema eller leveringsmidla sine.

Sverige, New Zealand, Sveits, Chile og Nigeria la fram ein resolusjon om å senke vernebuingsnivået for kjernevåpen (*de-alerting*). Det opphavlege tekstutkastet var vanskeleg for kjernevåpenstatane og fleire NATO-land. Noreg, Tyskland og Italia hadde stor sympati med intensjonen bak resolusjonsframlegget og medverka til at resolusjonsteksta fekk ei meir akseptabel form. Sjølv om fleire NATO-land framleis var skeptiske til resolusjonen, gjorde det nye utkastet det mogeleg for i alt seks NATO-land (Noreg, Tyskland, Italia, Spania, Portugal og Island) å røyste for resolusjonen.

Japan sin resolusjon om fornya innsats for ei kjernevåpenfri verd fekk størst oppslutnad av resolusjonane om kjernefysisk nedrusting. Resolusjo-

nen har ein god balanse mellom nedrusting og ikkje-spreiing, og Noreg teikna seg som medframleggsstillar. Frankrike avstod på denne resolusjonen, medan USA røysta mot på grunn av den sterke oppmodinga om å støtte prøvestansavtalen. Noreg røysta vidare for resolusjonen til Ny-agenda-koalisjonen (Sverige, Irland, New Zealand, Sør-Afrika, Mexico, Egypt og Brasil), som har ei klart sterkare vektlegging av nedrustingsdimensjonen. Det er interessant at Storbritannia i år valde å avstå under voteringa på denne resolusjonen og ikkje lenger røyste mot slik som USA og Frankrike.

Dei to Midtausten-relaterte resolusjonane om kjernevåpen vart vedtekne med same røystemønster som før. Det var positivt at det var mogeleg å unngå votering på resolusjonen om ei kjernevåpenfri sone i Midtausten, og at ein dermed unngjekk dei vanskane som gjorde seg gjeldande på generalkonferansen til Det internasjonale atomenergibyrået (IAEA).

4.4 Reform

Noreg har vore ein pådrivar for reform av arbeidet i 1. komité, og under fjorårets norske formannskap var effektivisering av komiteens arbeidsmetodar og større tilgang for ekstern ekspertise og det sivile samfunnet høgt prioritert. Dette gav gode resultat og vart verdsett av mange. Dessverre vart dette arbeidet berre i avgrensa grad følgd opp under årets sesjon, som stod fram som rotete. Dei tematiske debattane vart for langdryge, og organiseringa var mangelfull. Det er eit positivt trekk at mange land har biannualisert eller triannualisert resolusjonsframlegga sine. Dette er ei direkte oppfølging av Noregs initiativ i fjor. Somme land medverka også til ei meir effektiv resolusjonshandsaming ved å unngå å opne breitt for medframleggsstillarar, for eksempel på minekonvensjonen.

5 Økonomi-, miljø- og utviklingsspørsmål (2. komité)

5.1 Allment

Arbeidet og forhandlingsklimaet i 2. komité var krevjande, men med ein gjennomgåande betre tone enn i dei siste åra. Fleire forhandlingar var prega av store spenningar og interessekonfliktar, men utan at desse utvikla seg til direkte konfrontasjonar mellom landa. Spenningane og konfliktlinene i somme saker var faktisk sterkare internt i G77-gruppa enn mellom nord og sør. Dette er eit utviklingstrekk ein har sett vise seg tydelegare i seinare tid og kom særleg til syne i forhandlingane om utviklingsaktivitetane til FN.

Det vart oppnådd framsteg på fleire viktige område for Noreg, mellom anna godkjenning av samanhengen mellom menneskerettar og utvikling, sterkare fokus på kvinner og likestilling, og auka krav til effektivitet, samordning og resultat i FNs utviklingssamarbeid. På den andre sida kom det lite ut av drøftingane om klima trass i at dette fekk særleg merksemd på sesjonen i haust. Grunnen til dette var at mange meinte at 2. komité ikkje måtte føregripe dei komande forhandlingane på Bali.

5.2 Treårsgjennomgangen av FNs utviklingsaktivitetar

Kvart tredje år har 2. komité ein hovudgjennomgang av FNs hjelpeverksemd. Målsetjinga er å gje retningslinjer og styringssignal for korleis FNs fond, program og særorganisasjonar skal samarbeide og leggje til rette utviklingssamarbeidet med mottakarlanda. Gjennomgangen gjeld forvaltinga av omkring USD 15 milliardar (2006-tal) i årlege frivillige tilskot frå medlemslanda.

Den siste treårsgjennomgangen, som vart vedteken hausten 2004, la viktige premisser for reformer av verksemda til FN. Reforminitiativa fekk støtte frå verdstoppmøtet i 2005 og vart ytterlegare konkretiserte og forsterka gjennom FN-reformpanelet sin rapport i 2006 (leidd av mellom andre statsminister Stoltenberg). Fleire sentrale framlegg frå panelet er i full gang med å verte gjennomførde, til dømes betre samordning av FNs verk-

semd på landnivå og tettare samarbeid mellom FN-organisasjonane. Resultatet av treårsgjennomgangen i 2007 slutta opp om desse tiltaka og gav klare signal om trongen for høgare effektivitet, kvalitet, betre økonomistyring og krav til resultat av hjelpeaktivitetane, om trongen for tettare oppfølging og samarbeid om å betre kvinnene sine rettar og auka likestilling, og om godkjenning av samanhengen mellom menneskerettar og utvikling. Dette er positivt. Frå norsk side hadde det likevel vore ønskjeleg med endå klarare støtte til FN-reformpanelets framlegg til samordning av FN på landnivå gjennom éin leiar, eitt program og eitt budsjett. Reformene vil likevel verte vidareførde, men med noko mindre trykk og fortgang.

5.3 Finansiering for utvikling (FfD)

Noregs FN-ambassadør er, saman med Egypts FN-ambassadør, utpeikt som tilretteleggjar for det som vert kalla «Finansiering for utvikling» (FfD). Under generalforsamlinga i haust leidde dei to ambassadørane forhandlingane om ein resolusjon om ramme og fokus for ein konferanse som skal finne stad i Doha i Qatar 29. november til 2. desember 2008. Doha-konferansen vil vere ei oppfølging av konferansen som vart halden i Monterrey i Mexico i 2002, og som førde til den såkalla «Monterrey-konsensusen». Monterrey-konsensusen omhandlar finansiering for utvikling i brei forstand, medrekna styresett, investeringar, hjelp, handel, gjeld, institusjonelle reformer i Verdsbanken og Det internasjonale pengefondet, med meir. Dette var første gong alle desse temaa vart diskuterte under eitt i ein FN-samanheng, og heile prosessen vart styrkt av brei deltaking av det sivile samfunnet og internasjonale institusjonar. Føremålet med oppfølgingskonferansen vert å sjå på kva som har hendt etter Monterrey-konsensusen, og kva meir som må gjerast innanfor dei relevante temaa, men utan å bryte den fine balansen mellom dei ulike omsyna som vart tekne i Monterrey. Konferansen vil også verte eit høve til å sjå på kva som vil trengast for å nå tusenårsmåla i 2015.

5.4 Handel

Det vart for fjerde år på rad votert over handelsresolusjonen i 2. komité. EU endra i år røystemønsteret sitt og røysta mot resolusjonen. Etter norsk oppfatning har resolusjonen avgrensa relevans så lenge forhandlingane om Doha-runden enno er i gang i WTO. Dette er også grunnen til at Noreg har avstått i voteringane, sjølv om det isolert sett er delar av resolusjonen som vi kunne ha teke avstand frå prinsipielt. G77 har dei siste åra kome med resolusjonsframlegg med ei rekkje element som er totalt uakseptable frå dei vestlege landa si side, og var ikkje villige til å gå inn i reelle forhandlingar. Resolusjonen og prosessen kan sjåast på som ein politisk demonstrasjon frå G77s side, og mønsteret vil truleg ikkje endre seg før dei pågåande WTO-forhandlingane er i mål.

5.5 Sør-Sør

Hovudføremålet med resolusjonen var å få vedteke at det skal haldast ein høgnivåkonferanse om sør-sør-samarbeid i samband med 30-årsjubileet for handlingsplanen om sør-sør-samarbeid. Konferansen vil finne stad i første halvdel av 2009 i Argentina (der handlingsplanen også først vart vedteken i 1978). Under forhandlingane ønskte tradisjonelle gjevarland at sør-sør-samarbeid også skal definierast innanfor ramma av hjelp, og stridstemaet vart difor referansane til Pariserklæringa om hjelpeeffektivitet, som tradisjonelle gjevarland meiner er naudsynt for å stille same krav til harmonisering og rapportering til nye gjevarar, til dømes Kina. Dette er eit tema som også har kome opp i andre samanhengar, og som truleg framleis vil vere eit tema, mellom anna på konferansen om hjelpeeffektivitet i september i Ghana.

5.6 Miljø og berekraftig utvikling

Klima- og miljøarbeidet i generalforsamlinga sin 2. komité bar preg av at Bali-forhandlingane skulle

finne stad i desember. Sjølv om medlemslanda i stor grad var samde om at det er viktig å finne globale løysingar på klimautfordringane, var både utviklingslanda/G77, og i stor grad også dei vestlege landa som ikkje er partar i Kyoto-protokollen, tilbakehaldne under komitéarbeidet. Det overordna målet for forhandlingane for mange av delegasjonane var først og fremst å unngå å binde seg til noko som elles kunne verte føremål for forhandlingar på Bali.

Avhengig av perspektiv ser vi også at ei større politisering av saker i berekraftig utvikling-klyngja skaper nye høve for samarbeid og/eller konflikt. Særleg har det vore mykje friksjon internt i G77, der det finst store interesse motsetningar på mellom anna klimaområdet (der G77s forhandlingsrom vert sterkt avgrensa av oljeproduiserande land), og i enkeltsaker som landbruksteknologi, der ei gruppe arabiske land blokkerte konsensus om ei tekst som dei i alle andre samanhengar ville ha vore for, på grunn av Israel sitt engasjement i resolusjonen.

5.7 Korrupsjon

Korrupsjonsdebatten i 2. komité dreidde seg om utviklingsperspektivet av korrupsjon. Det vart oppnådd semje om at resolusjonen skulle byggje opp under konvensjonen mot korrupsjon, men det var usemje om kva dette innebar i praksis. Mange land frå sør var som tidlegare først og fremst opptekne av retur av illegale midlar. Land i nord var meir opptekne av mellomstatleg tilslutning til heile konvensjonen, og verdien av å nemne godt styresett som bolverk mot korrupt praksis. Resultatet vart ein nokså lang resolusjonstekst, sjølv om alle eigentleg ønskte ei kort tekst. Noreg la i debatten og resolusjonsforhandlingane mellom anna vekt på gjennomføringsmekanismar for konvensjonen mot korrupsjon, initiativa knytte til han og illegal kapitalflukt.

6 Menneskerettsspørsmål og sosiale spørsmål (3. komité)

6.1 Allment

3. komité styrkte posisjonen sin som den mest konfrontatoriske arenaen på generalforsamlinga. Trass i at dødsstrafferesolusjonen viste verdien av tverregionale initiativ, låg dei grunnleggjande motsetningane mellom Vestgruppa (nord) og G77 (sør) fast. Forutan ulikt syn på verdien av utviklingsspørsmål er det eit veksande skilje mellom dei vestlege landa si vektlegging av ytrings- og trusfridomsspørsmål og G77 si fremjing av respekt for religionar på kostnad av individuelle fridomar. Likeins vert skiljelinene forsterka mellom vestlege og særleg muslimske land i familie- og kjønns-spørsmål. Den lange rekkja av tillitsskapande fora av interreligiøs og kulturell karakter som vart arrangert i samband med generalforsamlingssejsjonen, kan til no ikkje seiast å ha hatt positiv innverknad på dei etablerte frontane i komiteen.

Afrika- og Asia-gruppene si auka makt i Menneskerettsrådet vert avspegla også i eit vanskelegare forhandlingsklima i New York, sedd med vestlege auge. Ikkje-vestlege land har lenge kontrollert eit fleirtal av røystene i Generalforsamlinga. Årets sesjon i 3. komité viste at desse landa i aukande grad er villige til også å føre ein tøffare forhandlingsstrategi. Vestlege land, i visse om at dei truleg vil tape ei eventuell røysting, er tvinga til å gjere vedgåingar for å oppnå semje. Det krevst eit realistisk tilhøve til kva mål det er mogeleg å oppnå. Det tyder i første rekkje at ein må konsentrere seg om å forsvare det eksisterande normverket og motarbeide resolusjonsframlegg som undergreiv individuelle fridomar. For å kunne oppnå dette må ein i aukande grad søkje nye samarbeidspartnarar på tvers av dei tradisjonelle gruppene.

Det norske hovudinnlegget omtalte kandidaturet vårt til Menneskerettsrådet og retten til ytringsfridom og forsamlingsfridom. Dette hadde særleg relevans i lys av opptøyane i Burma i haust. Vidare vart verdien av at Generalforsamlinga held fram med å handsame menneskerettane på substansiell basis vektlagt, og støtte til Høgkommissæren for menneskerettar i lys av stadige åtak frå ein del utviklingsland. I tillegg omtalte Noreg menneskeretts-

situasjonen i Burma, Iran, Irak, Afghanistan, Nord-Korea, Sudan og Nepal.

6.2 Dødsstraff

Vedtaket av eit moratorium mot dødsstraff var eit uventa lyspunkt. Ikkje sidan 1977 har ein resolusjon som freistar å avgrense bruken av dødsstraff oppnådd fleirtal i Generalforsamlinga. Førre freistnad, i 1999, vart trekt som følgje av fiendslege endringsframlegg. Det var difor brei skepsis blant vestlege land og ikkje-statlege organisasjonar til at ein slik resolusjon kunne oppnå fleirtal.

Europeiske land stod sentralt i å fremje initiativet. Dette var i utgangspunktet ingen fordel. Tilhengjarar av framleis bruk av dødsstraff, med Singapore og Egypt i spissen, gjorde sitt yteste for å identifisere kampen mot dødsstraff som nok eit døme på at vestlege verdiar vert påtvinga annleis tenkjande. Krinsen av medframleggsstillarar var samansett av ei tverregional gruppe, der land som Filippinane, Benin og Mexico spela sentrale roller. Høg disiplin blant medframleggsstillarane hindra at fiendslege endringsframlegg som var formulerte for å splitte støttespelarane, oppnådde fleirtal.

Dette tverregionale initiativet viste at FN er i stand til å bryte laus frå den tradisjonelle gruppetenkinga i særskilde menneskerettsspørsmål. Det er også verdt å merke seg at ei rekkje muslimske land valde å avstå i røystinga, noko som undergreiv inntrykket av at denne gruppa av land har ei einsarta haldning i strafferettslege spørsmål.

6.3 Tilhøvet til FNs menneskerettsråd

Kampen om Menneskerettsrådet si stilling i FN-systemet heldt fram. Rådet sin institusjonsbyggingspakke vart vedteken mot mellom anna Israel og USA sine røyster. Utskiljinga av Israel-Palestinaspørsmålet som eige dagsordenspunkt i arbeidet i Rådet var eitt av fleire stridstema. Det er talande for makttilhøva i både Menneskerettsrådet og Generalforsamlinga at ei nyopning av institusjonsbyggingspakken vart unngått. Ei ny handsaming

ville etter alt å dømme ikkje ha forbetra resultatet som vart oppnådd i Genève.

6.4 Menneskerettsforsvararar

Noregs resolusjonar i 3. komité om menneskerettsforsvararar og internt fordrivne vart samrøystes vedtekne etter lange og harde forhandlingar. Førstnemnde resolusjon er særskild viktig for ein tydeleg norsk profil i ytringsfridomsspørsmål. Mandatet til spesialrepresentanten for menneskerettsforsvararar vart sterkt kritisert av G77 på grunn av den kontroversielle støtta hennar til homofile og lesbiske sine rettar spesielt og menneskerettsforsvararar generelt. Lykelen til framleis konsensus om denne viktige resolusjonen var nært samarbeid med Russland, Kina, Egypt og Cuba.

6.5 Internt fordrivne

Spesialrepresentanten for internt fordrivne, Walter Kälin, gav uttrykk for at han var nøgd med Noregs leiarskap i forhandlingane om resolusjonen om internt fordrivne. Resolusjonen styrkjer spesialrepresentanten sitt mandat til å fremje og verne rettane til internflyktningar.

6.6 Menneskerettssituasjonen i enkeltland

Det vart lagt fram fire såkalla landresolusjonar på årets sesjon i 3. komité. Landresolusjonane, som tek for seg menneskerettsbrot i enkeltland, vart jamleg kritiserte av særleg utviklingsland for selektivitet og dobbeltmoral. Den komande univer-

selle landgjennomgangen (UPR) i regi av Menneskerettsrådet eggja motstandarane av landresolusjonar til å gjere framlegg om å ikkje realitetshandsame resolusjonane om Iran, Kviterussland og Burma. Likevel vart både desse resolusjonane og resolusjonen om menneskerettssituasjonen i Nord-Korea vedtekne. Resolusjonen om Iran vart vedteken med knappast mogeleg margin, noko som understrekar motstanden mot denne forma for landkritikk.

6.7 Barn

Omnibusresolusjonen om barnerettar vart vedteken med konsensus etter lange forhandlingar. For Noregs del var etableringa av ein spesialrepresentant for vald mot barn ei hovudsak i årets resolusjon. Mandatet for spesialrepresentanten er ei oppfølging av tilrådingane i Vald mot barn-rapporten som vart lagt fram på førre generalforsamling.

6.8 Kvinner

Ein ny resolusjon, introdusert av USA, om nedkjemping av valdtekt og andre former for seksuell vald som instrument for å oppnå politiske og militære mål, prega arbeidet i komiteen med fremjing av kvinnene si stilling. Resolusjonsframlegget møtte i utgangspunktet motstand, ikkje minst frå afrikanske land, som såg på framlegget som eit åtak på einskilte land. Dei gjorde raskt ikkjeinnblandingsargumentet gjeldande. Etter omfattande forhandlingar der den amerikanske delegasjonen til slutt viste fleksibilitet, vart det oppnådd semje om ei konsensustekst.

7 Avkolonisering og fredstryggjande operasjonar (4. komité)

7.1 Allment

Vest-Sahara og Midtausten dominerte som vanleg debatten i 4. komité (politiske saker og avkolonialisering), som har mist mykje av verdien sin etter kvart som Tryggingrådet har engasjert seg sterkare i nær sagt alle konflikhtar, og kolonistyret er avvikla med noko mindre unntak.

7.2 Vest-Sahara

Marokko og Algerie vart samde om ein felles resolusjon om Vest-Sahara. Dette vart sedd som eit framsteg frå i fjor, då Algeries resolusjon om Vest-Sahara ikkje fekk støtte av Marokko og vart vedteke med eit fleirtal av avståingar. Alle tilvisingar til Polisarios plan for sjølvråderett og til ei folkerøysting er strokne og erstatta med allmenne tilvisingar til ulike former for sjølvråderett. Resolusjonen gjentek dessutan Marokkos krav om forhandlingar utan vilkår, slik det er omtalt i den siste tryggingrådsresolusjonen om Vest-Sahara (1754 (2007)). Ein grunn til at Algerie og Marokko fann fram til eit kompromiss i år, kan vere dei pågåande forhandlingane i Manhasset i USA. Medan desse (førebeles fruktlause) forhandlingane går føre seg, ønskjer begge partane å verte oppfatta som konstruktive. Resolusjonen vart vedteken med konsensus.

7.3 Midtausten

Handsaminga av Midtausten følgde dei same spora som på tidlegare generalforsamlingar. Det var små eller ingen endringar i røystemønster frå tidlegare år. I innlegga og debatten var det ei gjennomgåande uro for den humanitære og politiske situasjonen i dei palestinske områda. Som vanleg var det EU (Portugal) og PLO som forhandla fram dei i alt ni resolusjonane om Midtausten. PLO viste seg i år å vere fleksibel og konstruktiv i forhandlingane, noko som vart tolka som eit ønske om å ikkje vanskeleggjere førebuingane til Annapolis og gjevarkonferansen i Paris. Internt i EU merkte Neder-

land seg ut ved å vere langt meir positiv til israelske synspunkt enn tradisjonelle støttespelarar som Tyskland og Tsjekkia. Frankrike var i år (med ny president og regjering) meir dempa i forsvaret sitt av palestinarane si sak. Som tidlegare hadde spesialkomiteen for undersøkingar av israelsk praksis i dei okkuperte områda ikkje fått tilgang til Det palestinske området og grunna difor rapporten sin på intervju med palestinarar i dei omkringliggjande landa.

Noreg la i debatten vekt på verdien av dei amerikanske fredsfreistnadene i Annapolis og oppmoda begge partane til å nytte høvet til å ta opp att fredsprosessen. Samtidig uttrykte Noreg uro for den humanitære situasjonen på Gazastripa.

7.4 Fredstryggjande operasjonar

Talet på FN-leidde fredstryggjande operasjonar heldt fram å auke gjennom 2007. To nye operasjonar vart etablerte, og ved utgangen av året var det i alt 20 FN-leidde fredsoperasjonar med over 100 000 personar i felt. 119 land deltek med personell. Budsjettet nærmar seg sju milliardar dollar og er aukande.

I same periode som ein har freista å etablere to komplekse FN-operasjonar, har ein også gjennomført ei omfattande omorganisering av avdelinga for fredstryggjande operasjonar (DPKO). Generalsekretæren fekk godkjenning frå Generalforsamlinga til å skilje ut dei delane av DPKO som primært hadde logistikk og støtte til operasjonane som oppgåve, i ei eiga avdeling for feltstøtte (DFS). DFS skal ikkje berre støtte fredsoperasjonane til DPKO, men også sekretariatet sine andre politiske og humanitære operasjonar.

Etableringa av to nye operasjonar i høvesvis Sudan (Darfur) og Tsjad/Den sentralafrikanske republikken (SAR) har vore svært utfordrande. Fellesoperasjonen med AU i Darfur er til liks med Tsjad/SAR-operasjonen, der EU yter den militære tryggingskomponenten, nyskapande, men også krevjande for FN. Dei tre grunnleggjande føresetnadene for vellukka FN-operasjonar, at det er ein

fred å bevare, aksept av partane/støtte av vertsnasjonen og naudsynte ressursar til å fylle mandatet, har i varierende grad vore oppfylte. Særleg har samarbeidet med vertsnasjonane vore ein kompliserande faktor for ei effektiv etablering av desse operasjonane. Dette er ei utvikling som mange ser på med uro, fordi det reduserer både Tryggingrådet's autoritet og FNs autonomi i høve til etablering av nye fredsoperasjonar.

I generaldebatten omtalte både leiaren for DPKO, visegeneralsekretær Jean-Marie Guéhenno, og fungerande sjef for DFS, assisterande generalsekretær Jane Holl Lute, arbeidet som vart gjort for å betre tryggleiken for personellet i felt. Verdien av å styrkje kvinnedelen i operasjonane og av å betre den geografiske spreidinga blant personellet i sekretariatet vart også trekt fram.

Debatten viste at FN og medlemslanda framleis har eit sterkt fokus på å førebyggje og følgje opp saker der FN-personell er involvert i seksuell utnytting og misbruk av innbyggjarane i vertslandet. FNs strategi om nulltoleranse står fast. Det er utarbeidd eit program for oppfølging av offera, og leiinga i operasjonane er ansvarleggjord i høve til oppfølging av eige personell.

Det norske innlegget fokuserte på utfordringane i samband med auken i talet på fredsoperasjonar, særleg på den komplekse etableringa av ein FN-operasjon i Darfur. I tillegg vart verdien av at FN arbeider integrert, understreka og dessutan verdien av å etablere gode mekanismar for samarbeid med regionale organisasjonar som EU, NATO og AU. Noreg tok også opp utfordringane knytte til seksuelt misbruk. Særleg tiltak til støtte for offera, haldningsskapande innsats og straffeforfølgning av overgriparane vart trekt fram.

8 Administrative og budsjettmessige spørsmål (5. komité)

8.1 FNs regulære budsjett for perioden 2008–2009

FN-budsjettet vert vedteke for ein periode på to år. Budsjettet var den store saka i komiteen i haustsesjonen, og dei fem største tilskotsytarane (USA, Japan, Storbritannia, Tyskland og Frankrike) gjorde det tidleg klart at dei ville gå langt for å få til eit nullvekstbudsjett for 2008–2009. Med USA og Japan i spissen vart det hevda at ingen annan internasjonal organisasjon har hatt større vekst enn FN dei siste åra. Motargumentet var at det aukande talet på FN-mandat var vedteke av alle medlemsland, og at det er særleg utgifter til tryggingrådsrelaterte mandat som har auka. Trugsmåla frå dei store tilskotsytarane medverka til at det etter forhandlingar i komiteen i vekevis vart lagt fram eit budsjett med berre fem prosent vekst. USA valde likevel, som einaste land, å verte ståande åleine ved å røyste mot budsjettet fordi det inneheldt ei tilvisning til ein konferanse om rasisme som USA meiner er einsidig retta mot Israel. G77 og EU meinte at USA ved røystinga si er med på å undergrave den mellomstatlege budsjettprosessen.

Tilskotsskalaen

Komiteen vedtok på fjorårets sesjon å vidareføre den eksisterande skalaen for utlikning av medlemslanda sine tilskot til det regulære budsjettet. I forhandlingane vart EU heilt isolert, delvis som ei følgje av at G77 stod samla gjennom forhandlingane. Dei store utviklingslanda tok ansvar innanfor gruppa av utviklingsland og har uformelt teke på seg å betale noko meir slik at små utviklingsland som får ein stor auke i tilskota sine, vil kunne fase desse inn over dei tre neste åra. Russland har også teke på seg ei noko større økonomisk byrde ved å betale to prosent i staden for deira utlikna del på ca. 1,2 prosent. USA var nøgd med utfallet då «taket» på 22 prosent vart ståande. Også Japan kan leve med ei vidareføring ettersom tilskotet deira uansett vil verte redusert som følgje av at tilskotsskalaen er grunna på bruttonasjonalproduktet til medlemslanda.

Noregs tilskot til FNs regulære budsjett er på 0,782 prosent.

8.2 Finansiering av FNs krigsforbrytardomstolar

Generalforsamlinga vedtok budsjett for krigsforbrytardomstolane på høvesvis om lag USD 267 millionar for Rwanda og USD 265 millionar for det tidlegare Jugoslavia.

8.3 Finansiering av FNs fredstryggjande operasjonar

Finansiering av FNs fredstryggjande operasjonar skjer i utgangspunktet på eittårig basis, med eit budsjettår som går frå 1. juli til 30. juni. Budsjettvedtaka for desse operasjonane vert gjorde hovudsakleg av Generalforsamlinga i juni kvart år. Det er også naudsynt å handsame budsjettframlegg for enkeltoperasjonar for å kunne setje i verk tryggingrådsvedtaket om vidareføring av operasjonane.

På sesjonen i haust vedtok Generalforsamlinga budsjett for fredstryggjande operasjonar i Darfur (UNAMID) og Den sentralafrikanske republikken og Tsjad (MINURCAT). Noreg leidde forhandlingane om budsjettet for UNAMID.

Med desse vedtaka har FN 20 aktive fredsopearasjonar som vil koste over USD 6,5 milliardar for 2007/2008. Desse kostnadene vil hovudsakleg verte finansierte gjennom pliktige tilskot frå medlemslanda med ein tilskotsskala der dei fem permanente medlemene i Tryggingrådet yter ein høgare del enn til det regulære budsjettet. Noregs del er på 0,782 prosent.

8.4 FNs økonomiske situasjon

FNs økonomiske situasjon er framleis prega av sesongprega likviditetsproblem på grunn av sein og manglande innbetaling frå medlemslanda. Medlemslanda si gjeld hausten 2007 var rundt USD 4 milliardar. Dette var høgare enn ved utgangen av 2006. Av dette var USD 700 millionar til det regulære budsjettet, USD 2,6 milliardar til FNs fredstryggjande operasjonar, USD 52 millionar til krigsforbrytardomstolane og USD 141 millionar til opp-

gradering av FN-bygninga. USA skuldar mest, med nesten USD 700 millionar i samla gjeld ved utgangen av 2007. Også andre store tilskotsytarar som Japan og Argentina var bokførde med stor gjeld til FN, til saman over USD 565 millionar.

8.5 Reformspørsmål

Arbeidet i komiteen i haust var prega av reformtrøyttheit og fokus på budsjettarbeidet. Ein vil unngå nye rundar med konfrontasjonar om administrativ reform. Medan EU og USA har ønskt å halde fram arbeidet med reformresolusjonane, har G77 vore skeptiske og heller gjort geografisk representasjon av utviklingsland i FN-sekretariatet til hovudsak. Japan på si side har vore tilbakeholdande i høve til ressursbruk og har difor gjort det endå vanskelegare å føre reformprosessen framover. I praksis har dette ført til ei utsetjing av den reelle handsaminga av fleire store reformspørsmål til den vidareførde sesjonen våren 2008. Ein fekk vedteke eit nytt internt rettsstelsystem for FN. Dette profesjonaliserer FN som arbeidsgjevar og er eit viktig framsteg ettersom FN no har over tretti tusen tilsette.

Reform av FNs innkjøpsordning

Det har vore ein sterk auke i FNs innkjøp dei siste åra, særleg knytt til FNs fredstryggjande operasjonar. Etter funn av korrupsjon og dårlege rutinar innanfor FNs innkjøpsavdeling (Procurement Division), har det vorte utarbeidd ein rapport frå Generalsekretæren som fokuserer på strengare internkontroll og optimering og styrking av FNs strategiske leiing innanfor innkjøpsordninga. Forhandlingane om reform av innkjøpsordninga har vore prega av sprik i medlemslanda si forståing av problemstillinga. Ei overarbeidd innkjøpsavdeling etterspurde i første rekkje ressursar for å kunne gjennomføre reformprosessen som dei står i startfasen av. Dette vart møtt med skepsis frå G77, som har oppfatta dette som ei omgåing av den reformpakken som Generalforsamlinga hadde etterspurd. Vidare skapte G77s snevre fokus på trongen for å auke talet på leverandørar frå utviklingsland innanfor FN-systemet mykje misnøye blant andre land som ikkje ser dette som ein del av reformprosessen. Dei meiner at innkjøpsordninga ikkje skal nyttast til "hjelparbeid". Grunna på ei forståing av at det er ein reell trong for ressursar for å effektivisere innkjøpsordninga, gav ein i fjor innkjøpsavdelinga noko meir ressursar, men det er ei stor trong for å gå gjennom heile ordninga. Ei rekkje rapportar er venta våren 2008, og komiteen

vil då halde fram handsaminga av dette viktige området.

8.6 Tilsyn og kontroll

Reform av FNs tilsyns- og kontrollstruktur er ein del av oppfølginga av høgnivåmøtet i 2005. På generalforsamlinga i fjor vart det teke sikte på ei brei evaluering av FNs eksisterande tilsyns- og kontrollsystem. Temaet er vanskeleg, med stor sprik i medlemslanda sine posisjonar, og då punktet vart lagt fram for komiteen svært seint i sesjonen, var det ikkje høve til å kunne handsame temaet i detaljar. Det vart vedteke å etablere ei ramme for den vidare prosessen. Grunna budsjetthandsaminga i haustsesjonen tek ein sikte på å handsame tilsyns- og kontrollproblematikken nærare i den vidareførde sesjonen våren 2008. Dette gjeld også oppdraget og rapportane til arbeidsgruppa (Procurement Task Force) som arbeider spesielt med det interne korrupsjonsaspektet i FNs handtering av kontraktar og innkjøp. Denne gruppa var først skipa for ein periode på eitt år, men vart forlengd under haustsesjonen.

Rapportane frå revisorrådet

Rapportane frå revisorrådet vart lagde fram og tilrådingane vedtekne i tråd med kommentarane frå den rådgjevande komiteen for administrative og budsjettmessige spørsmål.

Revisjonsstandardar

Arbeidet med å innføre internasjonale godtekne revisjonsstandardar (International Public Sector Accounting Standards-IPSAS) i FN-systemet held fram. Etter planen skal desse standardane vere i bruk av heile FN-systemet innan 2010.

8.7 Andre spørsmål

Oppussing av FN-sekretariatet

Det er vedteke å renovere den 55 år gamle FN-bygninga («Capital Master Plan»). Oppussinga vil starte i 2008, og eit nytt FN-bygg skal etter planen kunne takast i bruk i 2014. Prosjektet har eit eige budsjett på om lag USD 2 milliardar.

Modernisering av FNs IT-system

Arbeidet med å analysere kva krav FN skal stille til eit nytt «ERP»-system (Enterprise Resource Planning), som skal modernisere og integrere FNs it-prosessar med omsyn til rekruttering, innkjøp og

Om Noregs deltaking i den 62. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 61. generalforsamlinga i FN

budsjettadministrasjon, er i gang. Eit nytt omfattande it-system vil vere ei stor og dyr investering for FN, men er heilt naudsynt for å profesjonalisere

FNs drift og gjennomføre internasjonale standardar for bokføring.

9 Juridiske spørsmål (6. komité)

9.1 Allment

Forhandlingane om dei ulike spørsmåla i 6. komité har ikkje skilt seg vesentleg frå tidlegare år. God stemning prega forhandlingane, og alle resolusjonane vart som tidlegare vedtekne med konsensus. Frå eit norsk perspektiv synest sesjonen i haust framgangslaus. Alle underliggjande vanskelege spørsmål er unngådde og utsette til komande arbeidsgrupper. Det er også talande at komiteen ikkje kunne semjast om kva undertema neste års debatt om «rettsstatsprinsipp» skal fokusere på.

9.2 Terrorisme

Ein viktig del av FNs arbeid mot terrorisme skjer i regi av Tryggingrådet og underkomitear, medrekna Counter-Terrorism Committee (CTC), som vart skipa i samsvar med resolusjon 1373 og vedteken like etter åtalet på World Trade Center i New York. Tryggingrådet meiner at internasjonal terrorisme som eit trugsmål mot fred og tryggleik, og Rådet har på det grunnlaget eit hovudansvar for å fastsetje tiltak som varetek tryggleiken – særleg gjeld dette tiltak retta mot personar eller grupper som står bak eller støttar terrorhandlingar. CTC spelar ei praktisk viktig rolle i kampen mot terrorisme og har som føremål å styrkje overvakinga av utviklinga på området og å gje hjelp til medlemsland som enno ikkje har gjennomført res. 1373. Tryggingrådet arbeider også gjennom 1267-komiteen (Taliban/Al Qaida), 1540-komiteen (ikkjespreiing av masseødeleggingsvåpen) og gjennom arbeidsgruppa for resolusjon 1566 (vurdering av nye tiltak for å styrkje FNs arbeid på dette området).

Arbeidet mot terrorisme har også ein viktig plass i Generalforsamlinga, som har som rolle å forhandle fram bindande regelverk i form av avtalar og tilrådingar i form av resolusjonar. Her deltek alle medlemslanda i FN i ein dialog om terrorisme og utviklar stegvis felles normer for dette arbeidet. Terrorismen må nedkjempast på brei front, og Generalforsamlinga arbeider med eit stort spekter av saksfelt som er viktige også i dette perspektivet,

som kampen mot fattigdom, styrking av den internasjonale rettsordenen, fred og forsoning, dialog mellom religionar og samfunn, og arbeid mot spreiding av masseødeleggingsvåpen. Som ei oppfølging av FN-toppmøtet i 2005 lanserte Generalforsamlinga i 2006 ein strategi, vedteken med konsensus, for arbeidet mot terrorisme. Strategien representerer eit viktig framsteg og omhandlar tiltak for å ta tak i tilhøve som medverkar til terrorisme, førebyggje og nedkjempe terrorisme, styrkje medlemslanda sin kapasitet i dette arbeidet og sikre respekt for menneskerettane og rettsstatsprinsipp som eit fundament i kampen mot terrorisme.

FNs 62. generalforsamling handsama oppfølginga av FNs antiterrorstrategi på eit heildagsmøte under leiing av presidenten, Srgjan Kerim. Møtet var organisert rundt dei fire søylene i strategien. Det var brei deltaking på møtet, og innlegga stadfesta skilnaden i grunnhaldningane mellom vestlege land og utviklingslanda. Alle støtta strategien, men hadde ulike prioriteringar. Utviklingslanda fokuserer særleg på fattigdom, undertrykking og diskriminering som årsaker til terrorisme. Noreg heldt innlegg under fleire av temaa og understreka mellom anna verdien av å ta tak i dei grunnleggjande årsakene til terrorisme og nemnde i den samanhengen eit norsk prosjekt for å styrkje høvet til å bryte ut av terroristane sine rekkjer ("Leaving terrorism behind").

Freistnader på å straumlineforme årets resolusjon førde ikkje fram, og ein rein oppdatert resolusjon av tidlegare versjonar vart til slutt vedteken. Generalforsamlinga held fast ved fordømminga av alle former for terrorisme og understrekar i vedtaket sitt mellom anna verdien av regionale organisasjonar og dei ulike FN-organa sitt arbeid i kampen mot terrorisme. Vidare vert både medlemsstatane og organisasjonane oppmoda til å gjennomføre FNs terrorismestrategi og å slutte seg til og gjennomføre FNs konvensjonar mot terrorisme.

Dersom det kunne oppnåast semje om ein heilskapleg FN-konvensjon mot internasjonal terrorisme og avgrensinga av bruksområdet for denne, ville dette kunne medverke til å effektivisere det mellomstatlege samarbeidet om provinnhenting

og utlevering, slik at dei som utfører terrorhandlingar, faktisk vert straffefølgde.

Det var inga rørsle på dette området under hovudsesjonen for den 62. generalforsamlinga. Drøftingane vert vidareførde i adhokomiteen som er skipa av Generalforsamlinga for å forhandle fram ein generell konvensjon mot terrorisme.

Noreg ønskjer å styrkje kampen mot terrorisme på alle plan og freista i forhandlingane å unngå løysingar som kunne medverke til å legitimere handlingar ut frå motivasjonsomsyn (til dømes kamp mot ulovleg okkupasjon). Ein er frå norsk side av den oppfatninga at handsaminga av statshandlingar og statsansvar er betre forankra i andre delar av folkeretten enn den internasjonale strafferetten.

9.3 Folkerettskommisjonen

Folkerettskommisjonens rapport frå 59. sesjon (2007)

Folkerettskommisjonen vart skipa i 1947 for å vareta Generalforsamlinga si plikt etter FN-pakta artikkel 13 til å sikre utvikling og kodifisering av folkeretten. Kommisjonen har utarbeidd utkast til traktatar på ei rekkje sentrale område og har i nært samspel med 6. komité spela ei lykelrolle i utviklinga av folkeretten. Kommisjonen legg kvart år fram ein rapport for Generalforsamlinga. Ingen tema på dagsordenen til kommisjonen vart slutførde i 2007. Sentrale spørsmål i kommisjonens rapport frå den 59. sesjonen omhandla mellom anna internasjonale organisasjonar sitt ansvar, delte naturressursar, utvising av utlendingar, verkningen av væpna konflikhtar på traktatar, plikta til å utlevere eller straffefølgje og reservasjonar til traktatar. Kommisjonen vedtok også å ta to nye tema til handsaming: vern av personar ved katastrofar og statlige representantars immunitet for framande statars straffejurisdiksjon.

Andre spørsmål

FN er ein stor organisasjon der tvistar med tilknytning til arbeidstilhøve naturleg nok ikkje er til å unngå. Det er semje om at det eksisterande systemet for å løyse slike tvistar er moge for oppdateringar. Frå norsk side har ein aktivt støtta skiping av eit effektivt system som nyt størst mogleg grad av

tillit, både blant dei tilsette og hjå FN som arbeidsgjevar. Eit nytt system skal etter tidlegare vedtak vere på plass innan utgangen av 2008. Dersom denne målsetjinga skal oppnåast, må gamle kjepphestar setjast på stallen, og det må utvisast monaleg fleksibilitet, til dømes når det gjeld budsjettspørsmål.

Etter avdekkinga av seksuelle overgrep utførde av FN-tilsette under tenestegjering i 2004 har FN arbeidd med spørsmålet om straffansvar for dei tilsette. Det er semje om at slike handlingar bør straffast. Men det har oppstått ei rekkje vanskelege spørsmål, mellom anna med omsyn til immuniteten til dei FN-tilsette, FN's kompetanse og medlemsstatane sin kompetanse i desse sakene, medrekna spørsmål om ekstraterritoriell jurisdiksjon for sendarstaten dersom ikkje vertsstaten er i stand til å straffefølgje eller vedkomande tenestemann har forlate territoriet. Det herskar framleis stor usemje om korleis FN best kan gå fram i denne saka. Somme statar, medrekna EU, ønskjer eit vedtak om at ein bør forhandle fram ein konvensjon som regulerer kven som skal straffefølgje og kva samarbeidsskyldnader som gjeld. Andre ser trong for ytterlegare kunnskap om problemet og er tvilande til om ein konvensjon er rette vegen å gå. Noreg slutta seg til EUs innlegg.

På FN's toppmøte i 2005 vart det vedteke å styrkje FN's innsats for rettsstatsprinsipp (rule of law). Under den 61. generalforsamlinga vart det semje om at temaet skal handsamast i 6. komité, og det vart førespegla at ein der skulle peike ut og diskutere ulike undertema. Det vart inga semje om kva undertema som skulle handsamast framover, og klassiske skiljelinjer mellom nord og sør kom til syne, særleg når det gjeld spørsmålet om arbeidet skulle fokusere på nasjonale eller internasjonale tilhøve for å styrkje rettsstatsprinsippa.

Utanriksdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Utanriksdepartementet av 25. april 2008 om Noregs deltaking i den 62. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 61. generalforsamlinga i FN blir send Stortinget.

Vedlegg 1**Tale av Jens Stoltenberg, statsminister i Noreg,
til generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane, 62. sesjon***New York, 26. september 2007*

President, eksellensar

For to dagar sidan møttest verdsleiarar her i denne bygninga og kom med sterke utsegner om kor viktig det er at det vert gjort noko for å hindre klimaendringar. Vi høyrde leiaren i FNs klimapanel, dr. Rajendra Pachauri, leggje fram overtydande prov på tilstanden i verds klimaet. Han måla eit dystert bilde av korleis verda vil verte dersom ikkje sterke og felles tiltak vert gjorde. Vi har ikkje noko tid å miste. Vi må handle no.

Det er særst viktig at vi kjem fram til ei omfattande avtale etter Kyoto. Den nye avtala må vere fast forankra i FN, og ho må omfatte alle større land og alle større sektorar. Når vi møttest i Bali i desember, bør vi verte samde om ramma for dei komande forhandlingane.

Dei industrialiserte landa ber eit særleg ansvar for tilstanden til atmosfæren vår i dag. Difor må dei òg ta eit særleg ansvar for å få dei globale utsleppa av drivhusgassar tilbake ned på eit berekraftig nivå.

Det er innanfor rekkevidda vår å møte utfordringa med klimaendringar. Reaksjonen vår må vere sterk, han må vere samordna og han må vere effektiv. Det er difor viktig å setje ein pris på karbonutslepp og å utvide karbonmarknaden.

For sju år sidan var eg ein av dei 189 stats- og regjeringssjefane som skreiv under tusenårserklæringa.

Vi forplikta oss til å oppfylle FNs tusenårsmål. Men dersom vi ikkje gjer ein ekstra innsats, vil vi ikkje kunne oppfylle lovnadene vi gav til folket i verda.

Særleg ligg vi etter skjema når det gjeld å oppfylle tusenårsmåla om barne- og mødre helse. Kvart år døyir nesten ti millionar born under fem år. Mange liv kan bergast med billige og effektive vaksinar.

Heilt sidan den globale alliansen for vaksinar starta i år 2000 har Noreg ytt tilskot. Vi har alt greidd å berge meir enn to millionar liv gjennom denne alliansen.

Men vi må gjere meir enn å berre vaksinere.

Kvart år døyir to millionar spedborn den første levedagen.

Dei fire millionane nyfødde som døyir den første levemånaden, kan overleve dersom dei vert amma og får tilgang til antibiotika og helsearbeidarar.

Og ikkje berre nyfødde, men mødrene deira òg. Kvart år døyir 500 000 kvinner i barsel.

Enkle rimelege tiltak kan berge millionar.

I dag lanserte Noreg, saman med andre regjeringar, organisasjonar og det sivile samfunnet, ein global kampanje for å gjere nettopp dette: berge millionar av liv.

Hovudoppgåva til kampanjen er:

Vi må organisere og finansiere overleving.

Helsepersonell bør handsame fleire pasientar og arkivere færre rapportar.

Og vi må endre finansieringa slik at handsaming av pasientar vert ei inntektskjelde i staden for ein kostnad for helsetenestene.

Vi lanserer i dag ein opplysningskampanje om kvinner og born for å sikre at budskapet vår når ut til alle verdshjørne.

Eg er glad for å kunne kunngjere at vi er i ferd med å byggje opp eit nettverk av globale leiarar som skal passe på og sikre at kvinner og born faktisk vert prioriterte.

La meg i dag òg kunngjere at Noreg forpliktar seg til å støtte tusenårsmåla om barne- og mødre helse med USD 1 milliard over 10 år.

Den globale kampanjen som vi lanserte i dag, byggjer direkte på tilrådingane frå FN-panelet om samanheng i heile FN-systemet, som eg hadde æra av å leie saman med kollegaene mine frå Pakistan og Mosambik.

Vi treng eit sterkt og effektivt FN.

Vi treng eit FN som gjev resultat.

Vi treng eit FN som oppfyller FNs tusenårsmål.

Å arbeide med desse utfordringane var FN-panelet sitt mandat.

Panelet heldt møte i mange delar av verda og lytta til land, regionale grupper, borgargrupper, frivillige organisasjonar og einskildpersonar.

I november i fjor gav vi rapporten vår og tilrådingane våre til Generalsekretæren. Dei er ein ærleg freistnad på å betre FN's evne til å leve opp til potensialet sitt.

Kjernen i rapporten vår er ei tilråding om å skipe «eitt FN» i kvart land. Ein leiar, eitt program, eitt budsjett og eitt kontor, der dette er praktisk mogeleg.

Dessutan, og dette er like viktig for at FN skal fungere betre: Vi treng eit betre fokusert forvaltningssystem på hovudkvarternivå. FN-styret for berekraftig utvikling tek sikte på nettopp dette.

Panelet tok fatt med ambisjonar drivne av ei kjensle av ansvar. Det visste at den viktigaste målgruppa vår ikkje er FN sjølv.

Men dei millionane av menneske som ikkje har den velstanden og fridomen som mange av oss reknar som sjølvsagde.

Ja, dei som har ein livssituasjon som gav opphav til tusenårsmåla.

Som nettopp no undrar seg på korleis dei skal klare seg gjennom dagen.

Det er med tanke på desse fattige og naudlidande at vi må ha eit effektivt FN, eit FN som er godt styrt og godt finansierte, og som vil vere ei global kjelde til von.

Dette er grunnen til at vi har ei plikt til å sjå på nytt på den måten vi har bygd eit fragmentert FN, eitt FN som står i fare for å verte svekt, marginalisert og mindre relevant.

Vi har arbeidd med FN-systemet for å utrydde sjukdommar, til dømes koppar, og for å avskaffe undertrykkjande regime, til dømes apartheid.

Og vi held fram kampen for å utrydde fattigdom, barnedødelighet, tortur og umenneskeleg og krenkjande handsaming.

Og å nå tusenårsmåla.

I dag forlèt fleire og fleire menneske fattigdommen.

Vi har aldri hatt større evne til å utlikne skilnadene mellom oss.

Men vi kan ikkje tillate at det internasjonale samfunnet kastar bort ressursar eller arbeider mot tusenårsmåla på andre måtar enn dei mest effektive og gjevande.

Vi må fokusere arbeidet vårt, måle resultata våre og vise at utviklinga, slik ho vert organisert av Dei sameinte nasjonane, gjev gode resultat.

Dette er grunnen til at vi må vere fordomsfrie og innsjå at det mest radikale vi kan gjere, er å ikkje gjere noko.

Eg er glad for å sjå at ein gjer framgang i dei åtte pilotlanda, der «eitt FN»-modellen vert gjennomført i praksis. Eg er òg glad for å sjå at desse landa har teke i bruk ulike «eitt FN»-prosessar og -modellar som er tilpassa den konkrete situasjonen i kvart land. Dette viser at det ikkje finst nokon fasit.

FN-fond og -program som arbeider i felten, ser allereie positive verknader. Vi ser stadig betre samordning og sterkare leiarskap. Eg rosar FN-organa som har vedteke dei nye leiande prinsippa. Og eg oppmodar dei andre til å gjere det same.

Rapporten frå panelet peikar ut ein veg framover. FN har ikkje brote saman, men organisasjonen treng vedlikehald. Panelet gjorde difor ikkje framlegg om revolusjonære endringar. I staden gjorde vi framlegg om nokre praktiske, oppnåelege og effektive tiltak, som var bygd på styrken av vedtak som alt var gjorde av medlemsstatar. Det er stor trong for ein ny kjønnsarkitektur.

Eg ber medlemsstatane vise naudsynleg visjon og leiarskap. Dette vil vere ei viktig oppgåve for denne generalforsamlingssesjonen.

Noreg er stolt av å vere ein ven av FN. Vi støttar multilaterale løysingar på felles problem. Men ein sann ven lèt ikkje vere å seie frå når det trengst endringar og forbetringar.

Vi trur på internasjonalt utviklingssamarbeid.

Takk for merksemda!

Vedlegg 2

Utanriksminister Jonas Gahr Støres innlegg og kommentarar under ulike arrangement i tilknytning til opninga av den 62. generalforsamlinga

Høgnivåmøte om Afghanistan leidd av FNs generalsekretær og presidenten i Den islamske republikken Afghanistan

New York, 23. september 2007

Samordning

- For eit år sidan her i New York tok nokre av oss opp trongen for betre samordning mellom dei ulike nasjonale agendaene og mellom dei ulike komponentane i engasjementet vårt.
- Det er urovekkjande at vi framleis er urolege over utilstrekkeleg samordning. Vi kastar framleis bort ressursar. Vi mister framleis tid, tid som vi ikkje vil kunne ta att seinare.
- Dette er alvorleg. Det undergrev effektiviteten vår. Det undergrev truverdet vårt. Dersom det internasjonale samfunnet ikkje greier å samordne på ein forsvarleg måte, korleis kan vi vente at den afghanske regjeringa skal vise klarleik og leiarskap?
- FN må få større mynd til å samordne engasjementet vårt. Vi ønskjer både å styrkje FN-oppgdraget og å oppnemne ein spesialutsending for å sikre samordning i Kabul og mellom hovudstadene våre.
- La oss i det minste verte samde i dag om at vi skal gje FN-oppgdraget eit sterkare mandat og større ressursar.
- Samtidig tyder oppmodinga vår om betre samordning at vi alle må vere budde på å verte samordna.
- Og samordninga må vere grunna på prioriteringane til den afghanske regjeringa, med sikte på å styrkje leiarskapen hennar.

Narkotika

- Auken i produksjonen er alarmerande. Den afghanske regjeringa og det internasjonale samfunnet må ta fatt i dette problemet med ei fast hand.
- ISAF bør gje all mogleg støtte til regjeringa sin innsats, og det må leggjast vekt på forbod retta

mot laboratorium og påtale og på å skape tilhøve for ein velfungerande lovleg økonomi.

- Det trengst betre utveksling av etterretningar om narkotika. Det krevst òg eit sterkt grensepoliti som samarbeider nært med grannelanda.

Den regionale dimensjonen

- Ikkje berre treng Afghanistan å vere ein del av ein samarbeidsregion, regionen treng òg eit stabilt og robust Afghanistan.
- Grensejirgaen var ei viktig hending. Men tilhøvet mellom Afghanistan og Pakistan har enno ikkje nådd eit verkeleg vendepunkt. Det er derfor viktig å sikre ei energisk oppfølging. Dei mange vitjingane som president Karzai har gjort til grannelanda til Afghanistan, har styrkt den politiske dialogen og utsiktene til praktisk samarbeid i heile regionen.
- Det vil gagne både tryggleiken og den økonomiske utviklinga i regionen dersom den regionale agendaen vert forfølgt intensivt. Det er viktig at Afghanistans politikk for regionen har eit tydeleg og sjølvstendig afghansk andlet. Han må ha fast rot i afghanske interesser.

Den lokale dimensjonen

- Dei regionale og lokale dimensjonane heng saman. Dei er begge viktige for å nedkjempe opprøret.
- Lokalsamfunna vil snu ryggen til Taliban dersom dei kjenner sterk lojalitet overfor sentralregjeringa. Distrikt og tettstader må kjenne at tryggleiken, styringsmåten og utviklinga er fast forankra i deira eige samfunn. Dei må kjenne at innsatsen vår er grunna på innbyggjarane og det dei treng. Deira interesser og regjeringa sine prioriteringar må samordnast nærare.
- Vi støttar president Karzais innsats for å nå ut til samfunn i heile landet. For at han skal lukkast, må vi vere villige til å vise respekt for regjeringa sine eigne planar.

- Dersom vi – våre regionale stabiliseringslag og ikkje-statlege organisasjonar – følgjer våre eigne agendaer, vil vi undergrave regjeringa sin innsats for å styrkje tilhøvet sitt til lokale leiarskapsstrukturar. Dermed vil vi òg undergrave arbeidet for å skape ei djupare lojalitetskjensle og dermed kampen mot opprørarane.
- Det verkelege målet på om vi har lukkast, er tallet på afghanske flagg – ikkje utanlandske flagg – vi ser utanfor skular, sjukehus og andre institusjonar.

Politiet

- Vi er alvorleg uroa over kor seint det går å få lært opp og plassert ut afghanske polititenestemenn. Dette er truleg den svakaste lekken i heile innsatsen vår.
- Gjennomføringa av EU-politioperasjonen er eit positivt steg. Men ambisjonsnivået vårt er for lågt. Vi kan ikkje tolerere ein situasjon der militær framgang heile tida vert nøytralisert av ein mangel på oppfølging på områda tryggleik, styring og utvikling.
- Vi treng ein politistyrke som er i stand til å spele ei sterkare rolle når det gjeld å konsolidere militær framgang. Ein politistyrke som er godt opplært og godt utstyrt. Ein politistyrke med lojalitetskjensle overfor lokalsamfunna.
- Vi taper tid og truverde kvar dag. Det er stor trong for å gjennomgå politiutviklingsstrategien vår og for å heve ambisjonane våre langt over det dei er i dag.
- Å styrkje og reformere innanriksdepartementet står sentralt i denne samanhengen.

Ei politisk løysing

- Vi veit alle at konflikten ikkje kan løysast med berre militære middel. Ei politisk løysing er avgjerande.
- Og å vinne lojalitet og støtte hjå lokalsamfunna – å involvere dei i utviklinga av god styring, tryggleik og utvikling – må vere ein viktig del av innsatsen vår for å nå ei politisk løysing. Det er rett å tale med alle som er villige til å samarbeide konstruktivt med regjeringa.
- Samtidig må ikkje innsatsen for å nå ei politisk løysing skje på kostnad av framgangen som er gjort. Vi må gå fram på ein meir inklusiv måte og skape breiare eigarskap til det som er oppnådd så langt.

Ministermøte om utanrikspolitikk og global helse

New York, 27. september 2007

- Det er ei glede for meg å ønskje dykk velkomne til dette møtet. At utanrikspolitikk har ein innverknad på helse, vert intuitivt forstått, og det same gjeld påstanden om at ein innsats for å betre helse kan betre tilhøva innan og mellom land.
- For eit år sidan var det somme av kollegaene våre som handla på grunnlag av denne intuitive forståinga og sette seg føre å undersøkje nærare trongen for å sjå på utanrikspolitikk med «helselinse».
- I samarbeid utvikla utanriksministrane i Brasil, Frankrike, Indonesia, Senegal, Sør-Afrika, Thailand og Noreg ei felles forståing, som i Oslo i mars i år resulterte i Oslo-erklæringa og handlingsagendaen for global helse – eit presserande utanrikspolitisk spørsmål i vår tid.
- De har denne erklæringa og agendaen framfor dykk. De vil finne at dei reflekterer over felles verdiar og gjensidige interesser i ei stadig meir globalisert og gjensidig avhengig verd, forklarar korleis utanrikspolitikk kan medverke til å fylle hol i internasjonalt samarbeid om helse, og analyserer korleis samarbeid om helserelaterte spørsmål kan nyttast som eit verktøy i diplomatiet.
- Utgangspunktet vårt er den gjensidige avhengnaden som er ei følgje av globaliseringa. Denne gjev oss nye høve til framgang, men gjer oss òg meir sårbare, særleg med tanke på den globale helsetryggleiken. I mappene dykkar vil de òg finne bakgrunnsinformasjon om desse spørsmåla.
- At de har kome hit i dag signaliserer at de har interesse og omtanke for desse spørsmåla. Eg er svært glad for det. Føremålet vårt med å kalle inn til dette møtet er å invitere andre til å slutte seg til oss – både politisk og praktisk – ved å støtte erklæringa og handlingsagendaen, og særleg ved å engasjere seg i samarbeid om eitt eller fleire spørsmål.
- Vi vonar på denne måten å kunne mobilisere større krefter for den global helsetryggleiken og å betre måten som vi handterer trugsmål mot han på. Ikkje minst ønskjer vi å få globaliseringa til å arbeide for desse føremåla, til fordel for alle.
- Det er målet vårt å auke medvitet om global helse i det vi gjer – i alle samanhengar. Vi vonar at de vil utvikle denne agendaen og ta han med dykk inn i ulike samarbeidsfora, både heime og i utlandet.

Avsluttande merknader på ministermøte om utanrikspolitikk og global helse

New York, 27. september 2007

Brasil, Frankrike, Indonesia, Senegal, Sør-Afrika, Thailand og Noreg har sett pris på den interessa som er vist her i dag. Innlegga på denne rundebordskonferansen har demonstrert at helse er ein samlande faktor og vist korleis den globale helseagendaen kan mobilisere utanrikspolitiske alliansar på tvers av skilje vi ofte har, og som er ulike dei meir tradisjonelle interessegruppene.

Føremålet med møtet var å synleggjere ein agenda som ikkje får den merksemda han treng frå utanriksministrar, og å invitere fleire ministrar til å engasjere seg – med kven som helst av oss eller oss alle – for å få utanrikspolitikken til å tene den globale helsa.

Global helse og helsetryggleik er i ferd med å få politisk momentum. Utanrikspolitikken må nytte dette høvet til å vere relevant og reagere. Perspektiva som har vorte presenterte her av så mange ulike land, har tydeleg validert spørsmåla og agendaen som så langt er ført vidare av dette initiativet. Det er rimeleg å konkludere med at møtet har stadfesta betydninga og meirverdien av global helse som ein agenda for utanrikspolitikk.

